Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Dahle Austrheim

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| | 16/23 - 2 / AH / 224 | 01.03.2016 |

## Avlevering av arkiv perioden 1965- 1985 (1990)

Eg viser til tidlegare korrespondanse vedkomande denne saka og vil i samband med dette minne om at vi ikkje har fått tilbakemelding på førespurnaden sendt 13.01.2016.
IKAH treng ei tilbakemelding på om de ønskjer å avlever arkiv i 2016. Dette er det fleire grunnar til at vi no tilrår kommunane å avlevere dette året. I år er siste året vi tek i mot «etterslepet» frå «Avleveringsprosjektet». I år er også siste året vi tek i mot arkiv etter dei «gamle» rutinane. I 2017 vil det kome nye prosedyrar og rutinar for avlevering av arkiv, som er mykje «strengare» enn i dag. Det vil da bli lagt opp til at kommunane sjølv om gjere det meste av jobben før avlevering. I dag er det slik at arkiv som avleverast frå perioden 1965-1985 (1990) vil ordnast innanfor eigartilskotet, lagering/ depotplass må kommunen dekka. Vi vil derfor tilrå kommunen om å få avlevert så mykje arkiv (frå perioden 1965-1985/1990) som mogleg i 2016.

**Vi har no satt frist til <u>10.mars 2016</u> for å kome med ei tilbakemelding om**:

1. Ønskjer de å vere ein del av prosjektet og avlevere arkiv i 2016?
2. Om de ønskjer å avlevere arkiv i 2016 må det før denne datoen avtalast eit møte med underteikna, kor ein går igjennom prosedyrar, rutinar og tek ein felles kikk på arkivet som skal avleverast.

Om de ser at det ikkje er mogleg å få avlevert arkiv i 2016 og dermed seier frå dykk prosjektressursane treng også ei tilbakemelding på dette innan fristen.

Har de spørsmål eller noko er uklårt oppmodar eg at de tek kontakt. Ring meg gjerne på 55306094

Med venleg helsing

Anita Haugen Lie

Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.